

MØTEPROTOKOLL

KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 18. mars 2025	14.00 Kl. 10.00-15.00	Kommunestyresalen

Til stades på møtet:

Medlemmar:	Martin Killi (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Greta Helene Talleraas, Guri Ruste, Hans-Jacob Dahl
Varamedlemmar:	
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Magne Vorkinn, ordførar Halvor Nissen, rådmann, sak 15/25 og dialegg møtet

Saker som vart handsama:


Sak 11/25	Protokoll og referatsaker
Sak 12/25	Rutine for verksemdsbesøk
Sak 13/25	Forvaltningsrevisjon i 2025
Sak 14/25	Planlegging av verksemdsbesøk
Sak 15/25	Orienteringar

Andre opplysningar:

Møteinnkalling:	4. mars 2025
Møteleiar:	Martin Killi
Referent:	Elin Marit Andgard, SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 11/25-15/25er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.



Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
18.3.2025	114/2025	11/25 - 15/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Dialogmøte med ordførar, kommunedirektør og kontrollutvalet

Formålet med møtet var å dele informasjon og drøfte samhandling.

Utvalsleiar innleia med ynskje om ein ope dialog.

Ordførar takka kontrollutvalet, sekretariat og revisjon for godt arbeid. Kontrollutvalet har ei særskilt rolle i kommunal forvaltning og er kommunestyrets verkøy og støtte slik at innbyggjarane får dei tenestene dei skal. Som ordførar er han oppdatert ved å lese innkalling, protokoll og årsmelding frå kontrollutvalet. Årsplanen er ein god visuell plan. Sakene er godt førebudd og i tråd med kommuneloven.

Samtaler om:

- Kontrollutvalets rolle og ansvar. Utvalets forhold til rådmann og kommunestyret.
- Samspel og dialog.
- Korleis kan kontrollutvalet bidra til å gjere kommunen bedre?
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll.
- Kommunens eigarskap, eigarskapsmelding, eigarrepresentant (mandat/oppfølging)
- Økonomiske rammer for kontrollutvalet.
- Brukarundersøkingar
 - Kommunene har verkøy for spørreundersøkelserverkøy
 - Utvalet ynskjer oversikt over gjennomførte undersøkelser og resultat, slik at dei kan "spisse" kontrollarbeidet enda betre.
- Habilitet og valgbarheit.
- Utveksling av informasjon
 - Utvalet må ha kunnskap om kommunen for å gjere eit godt kontrollarbeid.
 - Rådmannen tilrår kontrollutvalet å følge med på kommunestyremøter.
 - Ordførar informerte om større og viktige saker som pågår.

Dette vart avtalt:

- Orientering om kontrollutvalet i kommunestyret til hausten.
- Betre synleggjering av kontrollutvalet i m.a. møteplan og kommunens heimeside.
- Ordførar gjev tid og rom til kontrollutvalsrepresentant når kommunestyret handsamar saker frå kontrollutvalet.

Sak 11/25 Protokoll og referatsaker

Protokoll 11. februar 2025

Møteprotokoll sendt ut 4.3.25.

Referatsaker

- Kommunestyre 17.2.25 PS-sak 13/2025: Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028
- Kommunestyret 17.2.25 PS-sak 12/2025: IKT-sikkerhet Dovre - forvaltningsrevisjonsrapport
- Kommunestyre 10.3.25 PS-sak 30/2025: Suppleringsvalg varamedlem kontrollutvalget

Eventuelt / "ope post"

- Møtegodtgjering for kontrollutvalet: Utvalet fekk utdelt regulativ for kommunale ombud og rettleiar for framsetting av krav.
- Kontrollutvalsleiar refererte frå sitt møte med ordførar og rådmann.
- Oppfølging av budsjett for kontroll og revisjon.

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 11. februar 2025 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Handsaming

Kontrollutvalet sette fram omforeint tilleggsforslag: Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om kostnader for dag- og kveldsmøte.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 11. februar 2025 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.

Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak om kostnader for dag- og kveldsmøte.

Sak 12/25 Rutine for verksemdsbesøk

Vedlegg

- Rutine for verksemdsbesøk

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/25 å be sekretariatet legge fram forslag til retningslinjer for verksemdsbesøk.

Fakta

Verksemdsbesøk er eit av fleire måter som kontrollutvalet kan føre kontroll på. Kontrollutvalsboka omtalar på side 32-22 besøk i kommunale verksemdar, foretak og selskap, og tilrår at kontrollutval utarbeider prosedyre for slike besøk.

Forslag til tiltak

Kontrollutvalet vedtek framlagt forslag til rutine for verksemdsbesøk.

Handsaming

Utvalet kom med tilleggsforslag under punktet "planlegging av besøket":

- Sekretariatet gjer avtale med kommunedirektør/rådmann (ikkje verksemda).
- Besøksplanen blir sendt kommunedirektør/rådmann og verksemda.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek framlagte forslag til rutine for verksemdsbesøk med dei tilleggsforslag som kom i møtet.

Sak 13/25 Forvaltningsrevisjon i 2025

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i (kommuneloven § 23-2).

Val av tema og område blir gjort med bakgrunn i vedteke plan for forvaltningsrevisjon og kontrollutvalets kontinuerlege risiko- og vesentlegvurdering.

Fakta

Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak, jamfør kommunelovens § 23-3.

Prioriterte tema for forvaltningsrevisjon er:

1. Internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem
2. Økonomi – offentleg innkjøp og anskaffelse

Før kontrollutvalet bestiller revisjonsprosjekt, utarbeider revisjonen ein foranalyse.

Denne vil gje informasjon om korleis prosjektet kan eller bør leggast opp samt innspel til aktuelle formål, vinklingar og problemstillingar.

Vurderingar

Kontrollutvalet handsama i sist møte ein førespurnad som omhandla kommunens kjøp av konsulenttenester. Ut frå vedtaket i saka, vurderer sekretariatet at utvalet ikkje har endra risiko- og vesentlegvurdering. Det vil derfor være naturleg å bestille forvaltningsrevisjon i samsvar med prioriteringene i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem.
2. Dersom revisjonen i foranalysen vil tilrå prosjektet, ber kontrollutvalet om at revisjonen også utarbeider prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ynskjer at foranalysen og evt. prosjektplan blir levert til aprilmøtet.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om internkontroll, kvalitetsikring og avvikssystem.
2. Dersom revisjonen i foranalysen vil tilrå prosjektet, ber kontrollutvalet om at revisjonen også utarbeider prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ynskjer at foranalysen og evt. prosjektplan blir levert til aprilmøtet.

Sak 14/25 Planlegging av verksemdsbesøk

Bakgrunn

Kontrollutvalet har i sin årsplan vedtatt å besøke Fredheim omsorgssenter. Rutine for slike besøk er vedtatt i sak 12/25.

Handsaming

Kontrollutvalet drøfta om det er bestemte tema det ynskjer å ha fokus på, kven utvalet ynskjer å møte, ynskje om tilsendte dokument i forkant osv.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet lage forslag til besøksplan ut frå det som vart drøfta i møtet.

Sak 15/25 Orienteringar

Bakgrunn

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen. Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Fakta

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande tema:

- Planstrategi
- Status revidering reglement
- Rutiner for svar på henvendelser til kommunen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Handsaming

Kontrollutvalet fekk orienteringer om tre tema:

- Kommunale planer og revidering av desse v/rådmann Halvor Nissen
 - Samfunnsplanen var handsama i kommunestyret (sak 15/24) og lagt ut til høyring 10.3.25.
- Status revidering av reglement v/rådmann Nissen
 - Finans- og økonomireglement er revidert i 2025.
 - Politisk delegeringsreglement er i prosess.
- Rutiner for svar på henvendelser v/rådmann Nissen og Sissel Rykhus
 - Kommunen følger forvaltningsloven og vedtatt arkivplan.
 - Arkivtenesta fører og fordeler innkomme post dagleg.
 - Saksbehandlar handterer det som kjem direkte eller oversender til arkiv.
 - Henvendelser blir liggande som restanse til det er svart ut. Førebels svar om det går over 1 måned. Avdelingsleiar skal følge opp sine.
 - Må ha heimel for å unnta dokumenter frå offentlegheit. Kommunen har praksis for å sladde og legge ut. Vurdering opp mot ressursbruk.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Kontrollutvalet ynskjer å følge opp rutiner og praksis for postmottak/journalføring med å be om orientering seinare.